



Sakshandsamar:
Jarle Aarvoll
Tlf: 57 62 96 09
Mobil:
Vår ref.
16/1547-7
Arkiv
F11 &13
Dykkar ref.

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

Dato
07.02.2018

0030 OSLO

Nasjonal transportplan, innspel neste planperiode, KVU

KVU Skei – Håbakken - Innspel neste planperiode for nasjonal transportplan.

Interesseselskapet aust vest Hemsedalsfjellet, med m.a. kommunane Jølster, Sogndal, Lærdal, Hemsedal, Gol og Sogn og Fjordane fylkeskommune som medlem, har over tid arbeidt for Rv52/Rv5 som det nordlege hovudvegsambandet aust vest.

Sitat frå Fylkestinget sitt vedtak i møte av 05.12.17 i sak 54/17 Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2018 – 2023 (2029), fråsegn punkt 2: «*Fylkestinget syner til at regjeringa har valt Hemsedalsfjellet som trasè for næringstransport. Ei naturleg oppfylgjing av dette er å gjennomføre ein KVU for strekninga Håbakken – Skei og vi ber Statens vegvesen sette i gang dette arbeidet.*».

I utgreiingane om aust-vest samband til gjeldande NTP var det fleire tiltak på denne strekninga som var omtalt, men det var fleire tiltak på strekninga Skei – Håbakken Rv 5 som ikkje blei vurdert samfunnsøkonomisk, m.a.:

- Bru Mannheller – Fodnes
- Ny veg/tunnel Sogndal – Kaupanger (kommuneplanarbeid er under oppstart)
- Rassikring og ny tunnel i Kjøsnesfjorden (arbeidet er påstarta)
- Utbetringar på strekninga slik at modulvogntog kan køyre her
- Ny veg Håbakken – forbi Lærdal sentrum

Rv 5 Skei – Håbakken er eit særskilt viktig tverrsamband på Nordvestlandet. Ei utbygging av denne strekninga vil bety mykje for trafikken frå Sogn og Fjordane og deler av Møre og Romsdal. Rv 5 er ein viktig sambindingsveg mellom E39 og E16/Rv52. Utviklinga innan vår nye olje, havbruk, vil stille strengare krav til god samferdsle aust vest.

Interesseselskapet støttar regjeringa sin langsiktige utviklingsstrategi med to hovudsamband melom aust og vest. Statens vegvesen si klare tilråding er tunnel frå Borlaug til Bjøberg og ei vidare opprusting av Rv52 i Hemsedal og Gol - Robru, med tilkopling av Rv5 og ferjefritt samband Mannheller-Fodnes. Det er store regionale effektar ved å velje dette hovudsambandet. I plangrunnlaget har samfunnsøkonomisk lønsemd vore sentrale kriterium, og prosjekta er rangert ut frå netto nytte pr. budsjettkrone.

Ein KVU for Rv5 Skei – Håbakken vil gje oss viktige svar på m.a. netto nytte. Me vil be om at det vert laga ein KVU for strekninga Rv5 Skei – Håbakken, som ein svært viktig arm for Hemsedalsfjellet som aust-vest vefsamband.

Med helsing

Oddvar Grøthe
-ordførar Hemsedal-

Jarle Aarvoll
-ordførar Sogndal-

Oddmund Klakegg
-ordførar Jølster-

Heidi Granli
-ordførar Gol-

Jan Geir Solheim
-ordførar Lærdal-

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4 6863 LEIKANGER
Sogn og Fjordane Fylkeskommune, ,Askedalen 2 6863 LEIKANGER